# Eg veit i himmelrik ei borg

Arr.: Ingunn S. Hvattum




Der inne bur Guds eigen son i herlegdom og æra,
han er min trøyst og trygge von, hjå honom eg skal vera.

Eg er ein fattig ferdagmann, må mine vegar fara
herfrå og til mit fedreland, Gud meg på vegen vara.

Eg med mitt blod deg dyrt hev løyst, og fram for deg vil treda.
Eg giv ditt hjarta mod og trøyst og vender sorg til gleda.

Er du meg tru og bruka vil Guds ord og sakramente.
Di synd er gløymd, di sorg vert still, di heimferd glad du vente!

Når verdi all som drivesand med gull og gleda viker.
Då stend eg ved di høgre hand, ein ven som aldri sviker

Eg fattig hit til verdi kom og rann av ringe røter.
Fer herifraa med handi tom, og daudens vald meg møter.

Men visst eg veit ein morgon renn, då daudens natt skal enda.
Min likam upp or gravi stend, og evig frygt fær kjenna.

So hjelp oss du vaar Herre Krist, ditt blod for oss hev runne!
Din bitre daude sant og visst oss himmerig hev vunne.

Me takkar deg til evig tid, vår Herre, alle sammen.
For du er oss so mild og blid, I Jesus Kristus! Amen,

Copyright © www.seland-musikk.no